



Arkivnr: 2014/11640-24

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Elisabeth Bjørsvik, Tor Titlestad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		22.01.2015

Kystpilegrimsleia Prosjektorganisering og oppnemning av medlem til styringsgruppa

Samandrag

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» har dei to siste åra vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

Prosjektet har som mål å etablere kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten, både som ei pilegrimslei, jf Pilegrimsleden og St.Olavsvegane til Nidaros, og ein europeisk kulturveg. Bruk av leia skal fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven. Det er eit mål at kystpilegrimsleia skal vere del av ei nasjonal og internasjonal reiselivssatsing.

I 2013 vart det gjennomført eit forprosjekt og lagt grunnlag for eit samarbeid mellom fylkeskommunane og bispedøma frå Stavanger til Nidaros. Arbeidet vert no vidareført i eit hovudprosjekt og det er tilsett prosjektleiar i treårig stilling. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidsgjevaransvar.

I saka skal Kultur- og ressursutvalet ta stilling til modell for organisering og styring av «Prosjekt Kystpilegrimsleia» og velje medlem til styringsgruppa.

Forslag til vedtak

1. Kultur – og ressursutvalet sluttar seg til avtalen om organisering og styring av «Prosjekt Kystpilegrimsleia».
2. Som medlem til styringsgruppa for «Prosjekt Kystpilegrimsleia» vert:

Medlem:

Varamedlem:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.12.2014

Bakgrunn for saka

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» har dei to siste åra vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Riksantikvaren har prioritert prosjektet med tildeling av statlege midlar under føresetnad av regional deltaking og finansiering.

Satsing på kulturminnevern og verdiskaping 2006-2010

Kulturminne og kulturmiljø er i aukande grad sett som ressursar for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Med grunnlag i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* sette Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i verk ei nasjonal programsatsing i 2006. Programmet hadde mellom anna følgjande målsettingar, jf. Riksantikvaren:

1. *Bidra til at kulturminner og kulturmiljøer blir tatt i bruk i utviklingen av lokalsamfunn og næringsliv.*
2. *Utvikle modeller for samarbeid mellom eiere, rettighetshavere, næringslivet, offentlige aktører, museer og frivillige organisasjoner.*
3. *Spre kunnskap om hvordan en bærekraftig bruk av kulturminner og kulturmiljøer fremmer næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regioner.*
4. *Klargjøre hvilke forutsetninger som må være til stede, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernes, for å fremme verdiskaping.»*

I 2006 vart 12 pilotprosjekt valde ut etter ein nasjonal prosess der fylkeskommunane var ansvarlege for mobilisering av kommunar, organisasjonsliv, museum og frivillege. Det kom inn mange aktuelle prosjekt til handsaming i fylkeskommunen. Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 118/06 om at Hordaland skulle søkje deltaking i programmet for kulturminnevern og verdiskaping med eitt prosjekt, *Perler i Nordsjøløypa* i Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

I si handsaming vedtok Riksantikvaren at samarbeidsprosjektet mellom Norsk vasskraft- og industristadmuseum og Odda kommune, *Oddaprosessen*, også skulle vere del av det nasjonale pilotprogrammet. 2 av dei 12 pilotprosjekta var dermed i Hordaland: *Oddaprosessen* og *Perler i Nordsjøløypa*. Prosjekta vart avslutta i 2010. Det ligg føre utfyllande informasjon, rapportering og forskning frå pilotprosjekta, sjå www.riksantikvaren.no.

I prosjektperioden 2006-2010 vart føresetnaden om statleg, fylkeskommunal og kommunal medverknad i verdiskapingsprosjekta komme i møte gjennom eigne løyvingar i fylkesutvalet, td fordeling av konsesjonskraftmidlar. Hordaland fylkeskommune vart dermed ein monaleg bidragsytar til dei to pilotprosjekta. Det meste av midlane til dei øvrige prosjekta vart likevel ikkje

nytta. Desse prosjekta fekk ikkje statleg medfinansiering, og vart heller ikkje sett i gong. Midlane vart førte over til bunde driftsfond, øyremerkt Verdiskapingsprogrammet. Fondet er p.t. på 99.000 etter at Kultur – og ressursutvalet i sak PS 55 /2014 løyvde kr 200.000,- til prosjektet *Den kulturelle fjorden*.

Vidareføring av arbeid med kulturminnevern og verdiskaping i Hordaland frå 2012

Erfaringane frå pilotprosjekta i 2006-2010 gjorde at det vart løyvd midlar på statsbudsjettet frå og med 2012 til fase 2 av det nasjonale programmet for kulturminnevern og verdiskaping. På grunnlag av erfaringane frå pilotprosjekta var det sett som ein føremon at verdiskaping på kulturminnefeltet vart kopla saman med anna regionalt utviklingsarbeid. Fylkeskommunane fekk dermed ei sentral rolle.

Deltaking i det vidareførte programmet hadde vilkår om økonomisk og fagleg medverknad frå regionale styresmakter. I Hordaland har kulturminnevern og verdiskaping ikkje vore etablert som eiga ordning eller budsjettpost i fylkeskommunen, og ikkje gjeve grunnlag for eigne søknadsprosessar eller mobilisering av nye prosjekt i fylket. Fylkeskommunen sitt samla verkemiddelapparatet har likevel bidrege til å støtte mange slike tiltak.

Frå 2012 har difor administrasjonen fremja ei rekkje prosjekt og tiltak som er støtta gjennom fylkeskommunale tilskotsordningar. Jf. brev frå Hordaland fylkeskommune til Riksantikvaren 4. februar 2013: «*Dei prosjekta Hordaland fylkeskommune vel å leggje fram med vurdering til Riksantikvaren, er prosjekt som har vore handsama og fått tilsegn gjennom Regionalt Utviklingsprogram (RUP), Kulturelt Utviklingsprogram (KUP) og som har fått kommunale tilsegn. Alle prosjekta er difor kvalitetssikra og forankra i høve til desse ordningane.*»

I 2012 vart ingen av dei prosjekta som vart meldt inn frå Hordaland funne aktuelle som deltakarar i det statlege programmet. Men, i brev dagsett 12.11.2012 inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane og Sametinget på ny til å søkje om statleg støtte til verdiskapingsprosjekt. I brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 4.2.2013, vart følgjande prosjekt lagt fram til vurdering:

1. **Reisemål i industriens vugge** (RUP-støtta, prosjektleiar Stongfjorden Vekst)
2. **Den kulturelle fjorden** (RUP-støtta, prosjektleiar Hardanger og Voss museum)
3. **Bergen nasjonale veteranskipshamn** (KUP- støtta, prosjektleiar Bergen kommune)
4. **Kystpilegrimsleia** (støtta frå Kultur og ressursutvalet sin rådveldekonto).

Dei to første Hordalandsprosjekta, *Reisemål i industriens vugge* og *Den kulturelle fjorden*, svarte til vilkåra i ordninga og fekk statleg løyving frå Riksantikvaren i 2013. Det same fekk *Kystpilegrimsleia*. Aktivitet i alle prosjekta vart sett i gong i løpet av året.

Kulturminnevern og verdiskaping i 2014

I brev frå Riksantikvaren dagsett 6.12.2013, vart det igjen lyst ut statsmidlar for vidareføring av verdiskapingsprogrammet i 2014, med høve om å søkje støtte til vidareføring av oppstarta prosjekt. I brev dagsett 10.02.2014 gjorde Hordaland fylkeskommune same utval og prioritering av prosjekt som i 2013. Jf. tilsegnsbrev frå Riksantikvaren vedtok direktoratet følgjande fordeling av statlege midlar i 2014:

- | | |
|--------------------------------------|--------------|
| 1. Reisemål i industriens vugge | kr 465.000,- |
| 2. Den kulturelle fjorden | kr 150.000,- |
| 3. Bergen Nasjonale Veteranskipshamn | avslag |
| 4. Kystpilegrimsleia | kr 350.000,- |

Kystpilegrimsleia

Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag og Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros bispedøme.

Prosjektet har som mål å etablere kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten, både som ei pilegrimslei og ein europeisk kulturveg. Bruk av vegen skal fremme kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven. Det er eit mål at kystpilegrimsleia skal vere del av ei nasjonal og internasjonal reiselivssatsing.

I 2013 vart det gjennomført eit forprosjekt og lagt grunnlag for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og bispedøma frå Stavanger til Nidaros. Arbeidet vert no vidareført i eit hovudprosjekt og det er tilsett prosjektleiar i treårig stilling. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidsgjevaransvar.

Vedtak og regional medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune

I sak 99/12 02.10.2012 løyvde Kultur- og ressursutvalet kr 75.000 til eit forprosjekt. I sak 105/13 handsama Kultur- og ressursutvalet medverknad i hovudprosjektet med følgjande vedtak:

1. *Kultur- og ressursutvalet tek forprosjektet «Kystpilegrimsleia – Rogaland-Nidaros» til orientering og sluttar seg til deltaking i hovudprosjektet, med oppstart i 2013 og avslutting i 2016.*
2. *Kultur- og ressursutvalet løyver kr 100.000 frå utvalet sin rådveldkonto til hovudprosjektet «Kystpilegrim Rogaland – Nidaros» for 2013. Finansiering for 2014 vert å koma attende til.*

Progresjon i prosjektet

I 2013 vart det levert forprosjektrapport i tråd med intensjonane, men igangsetting av hovudprosjekt vart forseinka. Sogn og Fjordane fylkeskommune, som prosjektansvarleg, overførte difor prosjektmidlar (kr 870.000,-) til 2014 og tilsette prosjektleiar i mellombels stilling frå april.

23. til 28. juli vart det gjennomført seglas med «Nordstjernen» frå Rogaland til Nidaros. I Hordaland vart det gjennomført program på Moster amfi på Bømlo 23. juli og i Bergen 24. juli. På seglasen vart det frakta med ei bodstikke der ordførarane teikna seg for å vise interesse for medverknad i prosjektet. Hausten 2014 er det arbeidd for å styrkje den lokale forankring. Kommunar i Hordaland som ligg langs leia er kontakta for å velje ut kontaktpersonar. Radøy, Lindås, Meland, Askøy, Bergen, Fjell, Sund, Austevoll, Stord, Fitjar, Sveio og Austrheim har slutta seg til opplegget.

Som grunnlag for gjennomføring av hovudprosjektet er det utarbeidd ein samarbeidsavtale som har som føremål å sikre eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom partane, jf vedlegg i saka.

Avtalene er treårig og gjeld frå 01.05.14 – 31.04.17. Kva dette inneber, går fram av pkt. 2.3.

Organisering

Formell prosjekteigar er fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Prosjekteigarane står for den regionale finansieringa av prosjektet. Prosjektet vert organisert med ei styringsgruppe, ei prosjektgruppe, ei arbeidsgruppe og delprosjektgrupper.

Styringsgruppa skal ha ein representant frå kvar av dei fem fylkeskommunane og ein representant frå bispedøma. Frå fylkeskommunane vert representantane til styringsgruppa valt frå politisk nivå. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv.

Prosjektgruppa er samansett av representantar frå dei ulike aktørane som inngår i samarbeidsavtalen. Prosjektgruppa vert leia av prosjektleiaren.

I arbeidsgruppa inngår 2-3 representantar frå prosjektgruppa, samt prosjektleiar. Gruppa skal fungere som prosjektleiaren sin næraste støtte og rådgjevar. Deltakarane i arbeidsgruppa kan variere etter kva kompetanse ein treng undervegs i prosjektet. Det kan opprettast delprosjektgrupper for å løyse spesifikke oppgåver. Delprosjekt kan ha ekstern prosjekteigar.

Prosjektleiaren har eit overordna ansvar for å koordinere idear og tiltak i prosjektet. Prosjektleiaren rapporterer til styringsgruppa.

Tilråding

Fylkeskommunen ynskjer å vere ein aktiv medspelar i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling, der kulturminne vert nytta som ein viktig ressurs. Prosjektet har brei forankring og partnerskap med kyrkja, lokale mynde, museum og frivillige organisasjonar.

Kystpilegrimsleia har potensiale til å kunne løyse ut store verdiskapingseffektar både for lokalt og regionalt næringsliv, samstundes som prosjektet formidlar ein viktig del av kulturarven på Vestlandet. Fylkesrådmannen ser det difor som naturleg å legge til rette for samarbeid etter modell som skissert i samarbeidsavtalen for «Prosjekt Kystpilegrimsleia»

Fylkesrådmannen ser det også som naturleg at Hordaland fylkeskommune deltek i styringsgruppa for «Prosjekt Kystpilegrimsleia» med ein styremedlem og ein varemedlem.